



Medlemene i FAU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2520 - 18/15040

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

08.05.2018

Innkalling til møte i FAU 14.05.18

Det vert med dette kalla inn til møte i FAU måndag 14.05.18 kl. 1800.

Sakliste:

Sak 34 / 2017 – 18: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Sakførebuing: Møteboka vart send ut etter siste møtet 14.02.18. Innkallinga har gått nokre rundar før det høver nokolunde for alle partar. Saklista ligg ved og har innspel frå fleire.

Framlegg til vedtak: Godkjende slik dei ligg føre.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sak 35 / 2017 – 18: Høyringar

Sakførebuing: Det har vore send ut invitasjon til å kommentere og spele inn i høve 2 høyringar. Den eine gjeld områdeplanen for Ostereidet. Skulen har på vegner av seg sjølv spelt inn behovet for greiare tilkomst, betre parkerings-tilhøve og eit godt samarbeid og respekt for grunneigar.

Den andre gjeld Osterhallen. Der dei same punkta er nedfelte. Her har skulen v/ utearealgruppa spelt inn eigne moment for innhald i hallen. Malen for hallar i Lindås/ Alver vil jo vere Lindåshallen med bibliotek, møterom i tillegg til forsamlingshallen / idrettshallen. Rektor har vore så fri at han har teke FAU med i uttalen, då mange av synspunkta også vil vere kjende og fellesgods.

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Sak 36 / 2017 – 18: Ostereidet U – trivselsskulen – deltaking i tilskipingar

Sakførebuing: Det vet skipa til stafettar og ein del arrangement. Ost U deltek på mange, men ikkje alle. Etter forslag frå medlem i FAU er det viktig at skulen markerer seg ved å ta del i mange slik arrangement som elevane elles er opptekne av.

Framlegg til vedtak: FAU drøftar saka.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sak 37 / 2017 – 18: Avslutningsfest for 10.kl

Sakførebuing: Tradisjonelt er 9.kl foreldra tungt inne i tilrettelegging og avvikling av 10.kl. sine avslutningsfest. Arbeidsliste vert delt og repetert i møtet.

Framlegg til vedtak: Drøfting av tiltaket

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sak 38 / 2017 – 18: MSO – klassesteg og innsyn

Sakførebuing: MSO har i mange år vore hjelparane våre i formidle aktuell seksualopplysning til elevane. Det har variert når denne informasjonen vert gitt- 9. eller 10.kl. Helselærekapitlet er etter LK 06 lagd til 9.kl. Somme meiner at det er for tidleg å «utsetje» elevar for den slags kunnskap og innsikt mens dei er så unge.

Eit anna moment er at det er lite innsyn i kva elevane får opplysning om og det er derfor ikkje godt for anna helsepersonell evt. pedagogar å følge opp den informasjonen elevane får. Rektor har drøfta dette med MSO.

Framlegg til vedtak: FAU drøftar saka.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sak 39 / 2017 – 18: Elevundersøkinga / mobbeundersøkinga 2017 - 18

Sakførebuing: Udir gjennomfører årleg elevundersøkinga. Den er obligatorisk for 10.kl. og det er deira svar som vert lagd til grunn i statistikken.

Skulen følgjer opp med eiga mobbeundersøking årleg i april. Resultata vert presenterte på møtet.

Framlegg til vedtak: FAU tek orienteringane til etterretning

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sak 40 / 2017 – 18: Elevskyss og skuleskipnaden 2018 - 19

Sakførebuing: Skulen har internt drøfta behovet for å ha opplæringa i timar a 60 minutt. Dette går an å få til under føresetnad av at Skyss kan ta elevane heim tidleg ein dag i veka. Dette ser ut til å gå i orden: Skulen tek neste år til kl. 0835 og varer til 1430. Elevane reiser heim med midtskyssen mandagen kl. 1245. Skyss for elevar frå Leiknesområdet er i skrivande stund uviss. Og vert oppdatert fram til møtet.

Framlegg til vedtak: FAU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sak 41 / 2017 – 18: Termometer, avlesing, justering o.a. med varme

Sakførebuing: FAU har bede skulen skaffe termometer i alle rom. Dette er gjort. Det viser seg vanskeleg å få datajusteringar til å vere nøyaktige – særleg ved temperatursvingningar. Skulen legg opp til å lese av temperaturen i klasserom, men gjer og merksam på at plassering vil ha ein innverknad på tempen.

Framlegg til vedtak: FAU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Sak 42 / 2017 – 18: Mogleg andre saker.

Sakførebuing:

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet:

Vedtak:

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemene i FAU

